

# VEDTEKTER FITJAR KRAFTLAG SA

## § 1 Namn, forretningskontor og samvirkelova

Samvirkelegets namn er Fitjar Kraftlag SA (Kraftlaget).  
Fitjar Kraftlag SA sitt forretningskontor er i Fitjar Kommune.  
Samvirkelova, lov av 29. Juni 2007, nr. 81 gjeld for Kraftlaget.

## § 2 Føremål

Fitjar Kraftlag SA er eit ålmennyttig samvirkeforetak.

Føremålet til foretaket er å:

- Fremja interessene til innbyggjara og verksemdar i konsesjonsområde (slik dette var per 1. januar 2018, seinare i vedtektene omtalt som "konsesjonsområdet"),
- Eiga aksjar i selskap som driv nettverksemd,
- Omsetja elektrisk energi,
- Produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg eller -selskap,
- Eiga, byggja og driva breibandsnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyserar,
- Eiga, driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet,
- Delta i tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet, og
- Yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet.

Overskotet skal primært nyttast til vidareutvikling av Kraftlaget i samsvar med føremålet, ålmennyttige tiltak som kan koma medlemmar og lokalsamfunnet i konsesjonsområdet til gode, dernest kjøpsutbyte.

## § 3 Medlemmar

Medlemmar skal førast inn i medlemsregisteret på i) namn/foretaksnamn, ii) fødselsdato/organisasjonsnummer og iii) adresse.

1. Berre kundar (privatpersonar og føretak) av Fitjar Kraftlag som er busette i, har eigeidom i, eller har registrert forretningsadresse innanfor konsesjonsområdet, kan vera medlem.
2. Alle nettkundar som var medlemmar per [31.12.2018] og som deretter fekk sitt nettkundeabonnement flytta over til [Haugaland Kraft Nett AS] kan halde fram som medlem(parteigar) i Kraftlaget ut [2019], sjølv om vilkåra i § 3 nr. 1 ikkje er oppfylte.
3. §3 punkt 2 og punkt 3 gjeld ikkje frå 1.1.2020.

#### **§ 4 Andelsinnskot (medlemskapital)**

Andelsinnskotet er sett til kr. 1500.00 – eittusenfemhundre.

Det skal reknast renter på medlemskapitalen.

#### **§ 5 Innløysing og utmelding**

##### 1. Innløysing

Medlemmar som ikkje stettar vilkåra i § 3 må løyse inn sitt medlemskap mot verdsett andelsinnskot etter § 4. Styret kan vedta å innløyse medlemmar som erverva medlemskapet (parten) før 01.01.1998 og som ikkje stettar vilkåra i § 3.

##### 2. Utmelding

Medlemmar som melder seg ut skal få innløyst medlemskapitalen ved å få tilbakebetalt andelsinnskotet og renter etter § 4.

I samband med innløysing og utmelding kan medlemmar ikkje krevje kjøpsutbytte, ta del i etterbetalingsfondet, utbetaling av inneståande på medlemskapitalkonto eller renter på medlemskapitalen i utmeldingsåret.

#### **§ 6 Utdeling mv.**

1. Det kan gjevast etterbetaling (kjøpsutbytte) til medlemmar i Kraftlaget på grunnlag av deira omsetnad med laget, jf. § 27 i samvirkelova.
2. Det kan etablerast eit etterbetalingsfond. Årsmøtet vedtar årlig eventuell avsetnad til fondet, eventuell reduksjon i fondet, og eventuell utdeling til medlemmar frå fondet, etter framlegg frå styret, jf. § 28 i samvirkelova.  
Utdeling frå etterbetalingsfondet skal gjerast ut frå siste års omsetjing med Kraftlaget.
3. Det kan opprettast medlemskapitalkonti dersom dette er turvande for utbetaling av kjøpsutbytte. Årsmøtet bestemmer om - og eventuelt kor mykje av inneståande på medlemskapitalkonti som kan delast ut til medlemmar, jf. § 29 i samvirkelova.
4. Det skal reknast renter på medlemskapitalen (andelsinnskot og inneståande på medlemskapitalkonto). Årsmøtet kan vedta at årsoverskot som kan delast ut som kjøpsutbytte heilt eller delvis skal brukast til forrenting av andelsinnskot og medlemskapitalkonti. Årsmøtet fastset storleiken på renta etter framlegg frå styret, jf. § 30 i samvirkelova.
5. Årsmøtet kan bestemme at inntil 15 % av årsoverskotet skal avsetjast til eit fond til ålmennyttige tiltak. Styret vedtar utdelingar frå fondet..

## § 7 Årsmøte

1. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan årets første 6 månader.
2. Ordinært årsmøte skal sjå til at føremålet med laget vert fremja i samsvar med vedtekter og vedtak.
3. Det skal førast protokoll frå årsmøta. På kvart møte vert 2 (to) av dei frammøtte valde til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.
4. Årsmøtet har desse gjeremåla:
  1. Godkjenne årsrekneskap og styrets årsberetning, herunder disponering av årsoverskotet i samsvar med vedtektene § 6.  
Utdeling i samsvar med vedtektene § 6 punkt 1 til 4, kan til saman ikkje overstiga 50 % av overskotet. Avsetting til fond til almennyttige tiltak etter vedtektene § 6 punkt 5 kan ikkje overstiga 15 % av årsoverskotet.
  2. Etter tilråding frå styret, vedta utdeling til medlemmane i samsvar med vedtektene § 6.
  3. Velja styreleiar, styremedlemmar og varamedlemmar til styret, velja medlemmar til valnemnda og fastsetje godtgjersle til styret etter framlegg frå valnemnda samt fastsetje godtgjersle til valnemnda etter framlegg frå styret.
  4. Dersom ingen får absolutt fleirtal ved første valomgang vert det omval mellom dei to som har flest røyster. Dersom det vert likt antall røyster ved omval, vert valet avgjort ved loddtrekking.
  5. Personval skal vera skriftleg dersom det føreligg framlegg på fleire kandidatar eller det vert kravd av eit medlem.
  6. Tilsetje og fastsetje godtgjersla for revisor.
  7. Gjera vedtak i andre saker som styret og medlemmar legg fram for årsmøte. Framlegg frå andre enn styret må koma inn til styret før 1. mars for å verta handsama på det ordinære årsmøtet.
  8. Årsmøtet avgjer sakene med alminneleg fleirtal av dei avgjevne røystene når ikkje anna er sagt i lov eller vedtekter. Ved likt stemmetal gjeld det som møteleiaren sluttar seg til (gjeld ikkje ved val).

## **§ 8 Styret**

1. Kraftlaget skal ha eit styre på 4 (fire) medlemmar og 1 (eit) varamedlem med funksjonstid på 2 (to) år. Årsmøte vel 4 (fire) styremedlemmar og 1 (eit) varamedlem i rekke. Dersom dei tilsette ikkje har rett til å vere representert i styret etter samvirkelovas reglar, kan ein observatør veljast av og blant dei tilsette i Kraftlaget. Representasjon av kvart av kjønna følger samvirkelova § 6g. Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei 4 styremedlemmane valde av Årsmøtet.
2. Leiar i styret og dagleg leiar saman eller 2 (to) styremedlemmar i saman, bind laget med underskriftene sine. Styret kan gje prokura.

## **§ 9 Valnemnd**

Kraftlaget skal ha ei valnemnd på 3 (tre) medlemmar valt av årsmøtet og med ei funksjonstid på 3 (tre) år. Valnemnda konstituerer seg sjølv. Valnemnda skal koma med framlegg til styremedlemmar, varamedlemmar og nytt medlem til valnemnda. Valnemnda skal i sitt framlegg legge vekt på å oppnå ei naturleg alders- og kjønnsfordeling. Valnemnda skal også komme med framlegg til styrehonorar. Valnemnda sitt framlegg skal følgje innkallinga til årsmøtet.

## **§ 10 Vedtektsending**

Årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene med 2/3 av dei røystene som vert gitt. Endringar i føremålet krev at endringane vert vedteken med minst 4/5 av dei avgjevne røystene.

## **§ 11 Oppløysing**

Vedtak om å løyse opp Kraftlaget blir gjort av årsmøtet med fleirtal som for endring i føremålet. Etter at andelsinnskotet med akkumulerte renter til medlemmane er betalt, og vedteken etterbetaling er oppgjort, skal resterande fri kapital i Kraftlaget overførast til ei stifting som har til føremål å fremme ålmennyttige tiltak i konsesjonsområdet. Stiftinga skal ha eit styre på 3 (tre) medlemmar som skal utpeikast av siste årsmøte i Fitjar Kraftlag og deretter årleg av kommunen. Minst to av medlemmene skal være busett i konsesjonsrådet. Stiftelseslova, lov av 15. juni 2001, nr. 59 skal gjelda for stiftinga.

Fitjar, 06.06.2019